
Saknr: 2020/42867-6
Saksbehandlar Berit Roksvåg
Dato: 14.04.2020

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Status - Kompetanse for kvalitet

Oversyn over statlege midlar til kompetanseutvikling.

Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt kvar sine planar for kompetanseutvikling. Planane gjeld ut skuleåret 2019-20. Det er sett i gang arbeid med å utarbeide ny klan for Kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring Vestland fylkeskommune frå 2020 - 24, med økonomisk rulling kvart år. Planen skal til politisk handsaming hausten 2020.

Krav til fylkeskommunane:

Opplæringslova seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigarar, har ansvar for å ha rett og naudsynt kompetanse på skulen: § 10-8 Kompetanseutvikling:

Skuleeigar har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigar skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgaver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, for å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen, og for å halde seg orienterte om, og vere på høgd med, utviklinga i skulen og samfunnet.

Ansvaret tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk, og ha som formål å fornye og utvikle den faglege og pedagogiske kompetansen hos tilsette med oppgaver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Dei ulike ordningane:

Under finn de eit oversyn over dei ulike ordningane innan vidareutdanning, kvalifisering og lærarspesialistordninga der det har blitt søkt om statlege midlar for kommande skuleår.

Vidareutdanningar: Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse. Dette kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov

for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år, skal drøftast i samband med den årlege rulleringa av Planen for kompetanseutvikling.

Det er ulike statlege strategiar innan vidareutdanningar :

- kompetanse for kvalitet: som gir lærar moglegheit til å få studiestøtte til å ta vidareutdanning innan aktuelle fag.
- yrkesfaglærarløftet: Vidareutdanning med ?
- rektorutdanning, 30 stp. for dei som er tilsett som skuleleiarar.

Kvalifisering: Tilsette i undervisningsstillingar som manglar godkjent lærarutdanning, kan gjennom skuleeigar søkje utdanningsstipend for å ta Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU og PPU-Y) eller Yrkesfaglærarutdanning (YFL). Etter tilråding frå aktuell skuleleiing kan personar som ikkje er tilsett i skulen, men som ønskjer å jobbe i skulen, søkje om stipend til PPU eller YFL.

Lærarspesialistsordninga:

Lærarspesialistane skal være fagleg oppdaterte på forskning og fagdidaktikk på sitt fagområde. I tillegg skal dei bruke kompetansen sin til å vere med på å utvikle skulen. Lærarspesialistane skal bruke størsteparten av tida si som spesialist på undervisning innanfor eitt fagområde. Fire skular har i samråd med avdeling for opplæring og kompetanse, søkt om statlege midlar under denne ordninga. Desse er Sogndal vidaregåande skule, og dei tre universitetsskulane, Amalie Skram videregående skule, Bergen Katedral skole og Nordahl Grieg videregående skole.

Univertisskulane har eit felles samarbeid om PADEKO, som er eit utviklingsarbeid med mål om å få tettare samarbeid om praksis for lærarstudentar.

Informasjon om søknadane til ordningar innan kompetanseutvikling for skuleåret 20-21.

Ordning:	Tal søknadar:	Tal på søknadar sendt til vidare handsaming;sjå Udir:	Kommentarar:
Vidare-utdanning gjennom Yrkesfaglærar-løftet	106	76	Fylkeskommunen skal dekkje reise, opphald og læremiddel, berekna til kr. 240 000 Søkte midlar frå Udir. er kr. 9 389 000 Gjeld frikjøp og stipend. Totalt kr. 9 629 000
Kompetanse for kvalitet	205	116	Fylkeskommunale midlar som er nytta til formålet er kr. 2 400 000 Midlane vert nytta til delfinansiering av frikjøp, reise, opphald og læremiddel. Søkte midlar frå Udir. er kr. 18 887 500 . Dette gjeld frikjøp og stipend. I tillegg har vi søkt om støtte til studieavgift på kr. 988 480 Totalt: kr. 22 275 980
Stipend til kvalifisering rekruttering	36	36	Totalt er det sendt inn søknader på kr. 5 610 000 . På denne ordninga er det ingen direkte kostnader for fylkeskommunen.
Rektor-utdanning	8	8	VLFK dekker reise og opphald, samt dagpakke der det er aktuelt. Fylkeskommunale midlar til denne utdanninga er kr. 170 000 (estimat)

Lærarspesialist-ordninga (pilotordning)	Nokre skular fekk søkje etter tilråding i frå avdelinga	4 skular / 10 lærarar	Fylkeskommunale midla kr. 400 000 (estimat) Udir (søkt) kr. 858 000 Totalt kr. 1 258 000
Sum:	Totalt kr. 38 942 980,-	Fylkes -kommunale midlar: 3 210 000,-	Søkte statlege midla: 35 7 32 980,-

Utdanningsdirektoratet handsamar søknadane, og skuleeigarane ventar tilbakemelding seinast 30.april.

Desentraliserte ordningar:

I tillegg til dette kjem midlar til dei desentraliserte ordningane innan skule og yrkesfag. Desse midlane vert tildelt fylkeskommunen etter statlege fordelingsnøklar. Midlane skal nyttast til utviklingsarbeid og ulike etterutdanningar innan skule og fag- og yrkesopplæringa.

For skuleåret 2020-21 har fylkesdirektøren fått følgjande overføringer:

Desentralisert ordning innan:	Fylkeskommunale midlar	Statleg overføring
Skule**	873 760	1 801 000
Yrkesfag	-	3 721 000
Sum kroner	873 760	5 522 000

** krav om 30 % eigen betaling frå skuleeigar.